

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Tysdag 3.januar 2022 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret
Opning:	Kirsti

Til stades: Anders Dahl, Jørgen Knudsen, Egil Petterteig, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland, Arne Rygg Drønen (3. vara) og Reidun Andersen (sakshandsamar)

Forfall: Signe Vorland, Kirsti Angvik Frugård, Nils Dale Elde (var med siste del), Dag Kjetil Lægneid (1.vara) og Dagfinn Koppang (2.vara)

SAKLISTE

2023/01- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2023/02- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt Ingen saker sidan sist

2023/03- 002 Nominasjonskomite og valstyreleiar for soknerådvalg 2023

Det er soknerådsval hausten 2023. Nominasjonskomiteen må vere på plass ila januar. Soknerådet er valstyre, og ein tilrår å velje ein eigen valstyreleiar. Nominasjonskomiteen bør må vere minimum tre personar (gjernar opptil fem personar) og kan bestå av personar i og utanfor soknerådet.

Vedtak:

Soknerådet vel Anders Dahl til valstyreleiar.

Soknerådet oppnemner følgjande personar til nominasjonskomite: Ingeborg H. Ørjasæter, Jostein Grimsbø, Leif Steinar Alvsvåg og Karen Irene Høyland.

Ingeborg er leiar for nominasjonskomiteen, og kallar inn til første møte i løpet av januar.

2023/04- 301 Rådgjevande røysting for ny biskop

Soknerådet er invitert til å gi si tilråding om ny biskop gjennom rådgjevande røysting.

Soknerådet skal gi stemme til inntil tre personer som de anser som mest skikket til å bli tilsatt som biskop. Stemming skjer i møtet ved alminnelig flertall, først på nr 1, så nr 2 også nr 3.

Kandidatene er:

- Stephanie Dietrich, professor ved VID
- Sunniva Gylver, sokneprest i Fagerborg
- Ragnhild Jepsen, domprost i Nidaros
- Nils Terje Lunde, nestkommanderande i trus- og livssynskorpset i Forsvaret
- Kjersti Gautestad Norheim, sokneprest i Birkeland
- Gudmund Waaler, domprost i Bjørgvin

Sokneprest Jørgen Knudsen var ikkje til stades under handsaming av saka sidan prestane har si eiga avstemming.

Vedtak:

1. Ragnhild Jepsen
2. Sunniva Gylver
3. –

Informasjon om røystene i røysting for 1.plass:

Første stemmegiving: Sunniva Gylver med 3 røyster - Ragnhild Jepsen med 3 røyster

Andre stemmegiving: Sunniva Gylver med 3 røyster - Ragnhild Jepsen med 3 røyster

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Loddtrekning: Ragnhild Jepsen.

Røysting for 2.plass: Seks stemmer til Sunniva Gylver, samrøystes.

Røysting for 3.plass: Seks blanke stemmer (som følgje av at rådet ikkje samla seg om ein tydeleg tredje kandidat, og derfor ikkje ønska å stemme fram nokon med eit tynt mandat).

2023/05- 212 Uttale ifm tilsetjing spesialprest U.OFF

Unnateke offentlig innsyn, jfr Offentleglova §13

2023/06- 315 Drop-in bryllaup og dåp i 2023?

Kyrkjerådet legg opp til ein nasjonal kampanje med fokus på dåp rundt pinse 2023, og har nyleg spelt opp til ein mogleg kampanje med fokus på bryllaup fram mot valentinsdagen. Valentinsdagen kjem kanskje for snart, men AU legg opp til ei drøfting om dette er noko me ønsker å vere med på, når og i kva form.

Drøfting: Drop-in dåp: Soknerådet løfta fram viktigheita ved å leggje til rette for å møte folk der dei er. Det er ikkje alle som ønsker, eller har moglegheit, til å lage fine selskap. Kyrkja kan lage fine rammer rundt dette sjølv om det ikkje skjer ein søndag i gudstenesta. Men pinsehelga på Stord er lite aktuell i forhold til Handballfestivalen der veldig mange er oppteken heile helga. Det er betre enten helga før, eller helga etter. Andre sokn har gode og fine erfaringar med drop-in dåp.

Drop-in bryllaup: Det er nokre formelle forhold som må vere på plass før eit bryllaup, difor bør dette marknadsførast annleis. Både valentinsdagen og rundt jonsok er gode tidspunkt. Det må kommuniserast ut at det ikkje er meir papirarbeid o.l. ved å gifte seg i kyrkja i forhold til borgarleg.

Vedtak:

Soknerådet ønsker å leggje til rette for både drop-in dåp og bryllaup i 2023, og ber Gudstenesteutvalet ta dette vidare for å finne eigna tidspunkt og ramme for gjennomføring. Utvalet kan ta saka tilbake til soknerådet for felles drøfting om ønskjeleg.

2023/07- 002 Kandidatar til bispedømerådet 2024-2028?

Soknerådet er oppmoda om å foreslå kandidatar til bispedømerådsvalet i 2023.

Soknerådet kan spele inn kandidatar til nominasjonskomiteen si liste, Bønnelista eller Open folkekyrkje si liste.

Vedtak:

Soknerådet vil spele inn Dag Sele som har sagt seg villig til å nominerast til nominasjonskomiteens liste. Soknerådet spør og Kirsti A. Frugård og Leif Steinar Alvsvåg om dei ønsker å stille som kandidatar.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/Jørgen.
2. Innspel frå utvala.
3. Bli kjend-samtale med Jørgen som ny sokneprest.
4. Førebuing Døgnet – Freistingar og moglegheiter.

Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Kyrkjestova Fredheim, 28.november
2. Referat, Stord Kyrkjelege Fellesråd, 14.desember

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Reidun Andersen
sakshandsamar og referent